

Oddmund Løkensgard Hoel

Stipendiat, Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda

Frå rørsle til språk – norsk målreising 1885-1950

Føredrag på ”Halvope: Det opne språket ved halvvegen”, 18.2.2005, Høgskulen i Volda

Den periodiske ramma for avhandlinga mi er 1885 og 1950, altså den midste av dei tre avhandlingane som samla har ambisjonar om å skriva seg gjennom norsk målreising frå 1739 til vår tid. Dei to årstala som avgrensar prosjektet mitt er i fyrste rekkje eit resultat av forhandlingar innanfor prosjektet, ikkje faglege ynske eller val. Men når det er sagt, er dei ikkje gripne ut or lause lufta. Jamstillingsvedtaket som gjorde landsmålet til offisielt mål vart som kjent gjort i 1885, og 1950 er eit rundare tal enn andre verdskrigen, som markerer vendepunktet for nynorsk som hovudmål i folkeskulen.

Me er altså om lag halvvegs, iallfall målt i talet på lønsutbetalingar, for min del er det for tidleg å leggja fram noko som kan kallast ”funn”, som innbydinga reklamerer med. Eg vil heller lufta nokre synspunkt som framleis må seiast å vera på hypotesestadiet. Dette er såleis ikkje dagen, eller året, for bastante konklusjonar. Føremålet mitt er heller ikkje å gje ein presentasjon av heile prosjektet mitt, men å dra ut og drøfta eit utval av dei sentrale problemstillingane og hypotesane.¹

Arbeidstittelen eg har sett på prosjektet mitt er ”frå rørsle til språk”. Landsmålet fanst i 1885, men det kan og skal drøftast om det fanst noko som kan kallast ’målrørsla’, og den moderne, utbygde målrørsla er i alle høve eit nyare fenomen. Såleis kan det hevdast at ”frå språk til rørsle” hadde vore meir råkande, men det ville ha bomma på det eg meiner er ei hovudsida for å forstå målreisinga og det nynorske skriftmålet eller skriftkulturen i perioden: I 1885 var nynorsken eit språk for eit fåtal spesielt interesserte og truleg kan alle som nytta dette målet

¹ Interesserte finn projektskildring og førebels disposisjon på hivolda.no.

på den tida kallast 'målmenn' eller '-kvinner', jamvel ut ifrå ein snever definisjon av omgrepet. Alle som brukte målet, rekna seg innanfor ei kulturpolitisk rørsle, eller iallfall miljø, som òg arbeidde for å få teke dette målet meir i bruk.

Når me kjem eit stykke ut på 1900-talet, kanskje til tida under eller etter 1. verdskrigen, endrar dette seg. Ut or nynorskbrukande skular tok no dei fyrste kulla av vaksne til å koma som har hatt nynorsk som hovudmål, inkludert gymnaset, og var vaksne opp i lokalsamfunn der nynorsk var det samfunnsberande språket. Det fyrste kullet frå Voss landsgymnas gjekk ut i 1920, for å knyta det til eit årstal, og fenomenet "nynorskbrukar" vart etter kvart ein realitet, sjølv om omgrepet "nynorskbrukar" ikkje dukka opp før i 1970-åra.² År for år vart det fleire og fleire som kom frå etablerte nynorskbygder og skreiv målet utan nødvendigvis å ha det som eit politisk prosjekt. Det var ikkje lenger slik at alle som skreiv nynorsk var ein del av målrørsla, og dette hende nettopp på den tida då den organiserte og institusjonelle målrørsla vart bygt ut til eit moderne apparat. Nynorsken gjekk gjennom fyrste fase i det som i språkplanlegginga blir kalla 'normalisering', og sentrale spørsmål må bli korleis dette verka inn, både på den nynorske skriftkulturen og den organiserte målrørsla. Spissformulert kan ein spørja i kor stor grad framtida til nynorsken sist i 1940-åra i var avhengig av målrørsla, og i kor stor grad det var krefter *utanfor* målrørsla som bar oppe og kanskje jamvel fremja den nynorsk skriftkulturen. (At målrørsla var avhengig av nynorsken, er det derimot ingen tvil om.)

Dermed er det sentrale fokuset mitt introdusert: Vekta skal ikkje fyrst og fremst liggja på *målrørsla* og *målreisinga* i seg sjølv, men korleis desse fenomena plasserte seg i ein vidare historisk, sosial og politisk kontekst – korleis målrørsla responderte på og tok farge av omgjevnadene, og korleis reisinga av ein nynorsk skriftkultur òg vart påverka av ytre rammevilkår. Den eksisterande litteraturen har i stor grad *målrørsla* eller *striden kring sentrale språkpolitiske saker* som studieobjekt, anten det er snakk om avhandlingar eller meir populært innretta organisasjons- og institusjonshistorier, skrivne på oppdrag av dei jubilerande sjølve. I tillegg har ein del av dei mest sentrale aktørane fått sine biografiar, og det finst òg ein omfattande litteratur om andre delar av norsksdomsrørsla, som ungdomslaga og folkehøgskulane, men framleis med institusjonane og rørsla i fokus. Mykje av litteraturen er skriva av målfolk som er sympatisk innstilte og til tider kan ha noko liten avstand

² Fyrste registrering av 'nynorskbrukar' i setelarkivet til Norsk Ordbok er frå 1977.

studieobjekta sine. Eit anna drag er at litteraturen i hovudsak er skriven av filologar, som er sterk på dei språklege sidene, men kan vera mangelfull på den historiske kontekstualiseringa.

Det er iallfall heilt klårt at i den eksisterande litteraturen er det ingen fare for at målrørsla si rolle er *undervurdert*. Ein fersk og frisk opponent mot dette synet er statsvitaren Gregg Bucken-Knapp. I avhandlinga si om norsk språkpolitikk, *Elites, language, and the politics of identity*, er hovudsynspunktet hans at rolla til dei språkpolitiske pressgruppene har vore overvurderte. Det er heller dei ideologiske og ikkje minst valstrategiske vurderingane til den politiske eliten som best kan forklara gjennombrøtet for ulike språkpolitiske strategiar i Noreg.³ Han er ikkje den fyrste som har vore inne på det. Om stoda i 1880-åra slår Venstre-historikar Leif Mjeldheim fast at

”Storparten av Venstre hadde fylka seg om målsaka, ikkje fordi dei var målmenn, men fordi saka stetta ein trong hos dei til ideologisk profilering. Ho kvilte på eit verdigrunnlag heile Venstre kunne vedkjenna seg – det folkelege og nasjonale – og ho markerte avstand til Høgre.”⁴

Han nemner ein illustrerande episode frå 1886: For fyrste gong skreiv ein stortingskomite ei tilråding på landsmål. Det galdt ei jarnbanesak i Vestfold, og komiteen var samrøystes om realitetane, men kløyvd på val av målform i innstillinga. I røystinga i Stortinget – om målforma – stod heile Venstre minus tre representantar mot heile Høgre. Neste sak same dagen var diktarløna til Alexander Kielland, og Venstre gjekk totalt opp i liminga. ”Steget var ikkje langt frå symbolsk samling til kløyvande kulturstrid i Venstre,” konstaterer Mjeldheim tørt.

Ein analyse av hopehavet mellom målrørsla og den politiske eliten må såleis ha som utgangspunkt at det ikkje berre var snakk om pressaktivitet frå målrørsla si side, men òg tilfredsstilling av behov hjå den politiske eliten. På hi sida kan vera vanskeleg å dra eit klårt skilje mellom ”den politiske eliten” og målrørsla som pressgruppe på denne tida. Ligg ikkje ein av nøklane til å forstå målreisinga sin rikspolitiske suksess mellom 1885 og 1920 nettopp at måleliten invaderte Venstre-eliten og vart ein del av han? Ein treng ikkje vera konspirativ riksmålsmann for å hevda det ofte var nokon som snakka saman og brukte makta dei var

³ Bucken-Knapp 2003, s. 145.

⁴ Mjeldheim 1984, s. 395.

tiltrudd i denne perioden. Det er ikkje sikkert sidemålsstilen hadde vorte ein realitet i 1907 om ikkje Jørgen Løvland brukte heile 1905-pondusen sin og truleg stilte kabinettsspørsmål i Michelsen-regjeringa på at sidemålsstilen skulle bli ein del av samlingsregjeringa sitt program framfor stortingsvalet 1906.

Eit slikt perspektiv kan òg kanskje leggja grunnlaget for nokre nye tolkingar av institusjonsbygginga i målrørsla, som elles er veldokumentert. Jamført med andre pressgrupper var målrørsla seint ute med å skaffa seg eit organisasjonsapparat, både på lokalplan og ikkje minst sentralt. Fram til 1890 vart berre eit trettitals lokallag skipa, og dei fleste fekk vart stuttleva. Noregs Mållag vart skipa i 1906 og fekk attpåtil ikkje ein fungerande sentrallekk før i 1913. Den seine og veike organiseringa på alle plan vart jamleg eit tema i samtida, men er kanskje for alvor gjort til eit *problem* av ei ettertid som har vand seg til eit sterkt Noregs Mållag som normalsituasjonen. I ein internasjonal samanheng kan det spørjast om Noregs Mållag markerer eit unntak.

Målrørsla innkasserte iallfall mange av dei viktigaste politiske sigrane sine i god tid før Noregs Mållag kom i arbeid, så spørsmålet bør heller kanskje stillast omvendt: kva var det som gjorde at målrørsla greidde seg utan eit integrert landsfemnande organisasjonsapparat heilt til 1913? Kjell Haugland og Leif Mjeldheim har vist korleis strategien frå 1880-åra medvite var å satsa på Venstre framfor å byggja ut eit eige apparat,⁵ difor fall òg H.E. Bernes planar om ein landssamskipnad for målrørsla til marka i 1883. Dessutan hadde ein ungdomslagsrørsla å spela på, frå 1896 òg på landsplan. Rolla til Samlaget som målrørsla sin politiske arm og lobbyentral er for lengst dokumentert, ikkje minst fordi Samlaget har halde seg i live og såleis kunna skriva si eiga soge.⁶ Det har ikkje avisene *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*, som det kanskje er vel så stor grunn til å kasta blikket på, noko Ole Dalhaug har gjort i sine studiar av dei to avisene.⁷ Særleg gjeld det *Den 17de Mai* (1894), dagsavis i periodar, og på eit tidspunkt Noregs nest største avis. Avisa hadde både eit redaksjonsmiljø og ikkje minst eit *kontor* – det fekk ikkje Samlaget før i 1950.⁸ Her hadde målrørsla i praksis eit landsfemnande meldings- og debattorgan, og med fellestiltaket Norsk Maalkontor (1900) var iallfall nokre vitale organisatoriske funksjonar ivaretekne, som spreing av bøker og skrifter, og formidling av føredragshaldarar. I tillegg kom nettverkstiltak i hovudstaden der måleliten

⁵ Haugland 1977b.

⁶ Birkeland, m.fl. (red.) 1968.

⁷ Dalhaug 1995; Dalhaug [1998].

⁸ Birkeland, m.fl. (red.) 1968, s. 126.

og venstreliten innanfor dei politiske og akademiske felta kunne driva samrøre: Meir obskure og selskapelege tiltak som Røelaget og Oslo Gilde, der ei lang rekkje av storkultar jamleg møttest, diskusjonsforumet Studentmållaget og det studentikose Pønskarlaget.

Den einaste store mangelen omkring hundreårsskiftet var eigenleg eit demokratisk organisasjonsapparat der lokal- og fylkesmållag kunne påverka formelt kva hovudstadseliten føretok seg. Det er iallfall eit faktum at det var vestmennene som førebudde og dreiv gjennom skipinga av Noregs Mållag på målstemna i februar 1906, ikkje hovudstadseliten som hadde bode inn til møte. Steinsvik og Klaus Sletten, formann i Noregs Ungdomslag og styrar på Norsk Målkontor, hadde sommaren 1901 torpedert initiativ til ein landssamskipnad,⁹ og dominerande delar av hovudstadseliten streta imot landssamskipnadstanken til heilt oppunder målstemna.

Når det galdt nytteverdien av ein landssamskipnad for dei sentrale hovdingane, var det kanskje òg slik at Jørgen Løvland, då han var formann i Noregs Mållag 1909-12 etter at han hadde gått av som statsminister, ikkje hadde *bruk for* ein effektiv og integrert landssamskipnad i ryggen for å få regjering og storting i tale sidan han møtte dei, med fruer, i Oslo Gilde og elles hadde dei fleste regjerande venstretoppene i vene- og omgangskrinsen sin.

Eg får presisera at ikkje noko av det eg har drege fram her, er nye opplysningar – særleg er den tronge fødselen til Noregs Mållag mykje omtala tidlegare.¹⁰ Men det er meint som eit døme på at eit skifte frå eit meir organisatorisk perspektiv til ei vektlegging av eit meir funksjonelt perspektiv og samspelet mellom måleliten og den politiske eliten kan ha noko føre seg. I tillegg kan vera sunt å stilla eit par kritiske spørsmål som ikkje har vore drøfta så inngåande tidlegare, ikkje minst om den sentrale måleliten sine motiv for å ikkje vilja ha ein sterk sentralorganisasjon.

Det same skiftet av perspektiv kan vera gjevande i den vanskelege overgangen mellom Venstre-staten og Arbeidarparti-staten. Det tvitydige tilhøvet målrørsla og arbeidarrørsla har alt vore emne for ein del studiar, ikkje minst Oddmund Søylen si avhandling om Halvdan Koht.¹¹ Noregs Mållag sin flørt med arbeidarrørsla på årsmøta i 1920 og 1921, og det at

⁹ Haugland i *Almenningen*, m.fl. (red.) 1981, s. 41.

¹⁰ Særleg *Almenningen* 1984, s. 18ff.

¹¹ Søylen 1978.

sentrumsfløya støtta den radikale kandidaten Halvdan Koht som formann 1921-24 imot vestmennene, er to av mange døme på at det fanst tonegejevande krefter i målrørsla som ynskte eit tett tilhøve til arbeidarrørsla. Så kunne me alltid endå ein gong dra fram Torgeir Vraa sine ord frå 1906 om at det viktige ikkje er om det heiter 'gryta' eller 'gryten', men at det er noko i den.¹² Men utover i 1920- og særleg i 30-åra var stoda den at Arbeidarpartiet ikkje berre trong ein språkpolitikk, men òg skaffa seg ein, samnorskpolitikken. Roger Lockertsen har i avhandlinga si om målreisinga i Nord-Noreg ein interessant observasjon på lokalplan av korleis dette arta seg. I den store framgangen for nynorsk skulemål nordafjells etter 1938 var arbeidartifolk mange stader leiande, skriv han:

”Målsaka var no blitt noko meir enn venstrepolitikk, men arbeidartifolka følte det nok ikkje slik at *dei* no endeleg kom etter i målarbeidet. Heller var oppfatninga at dei no hadde meisla ut ein ny målpolitikk og at det var *den* politikken dei vilje fremje, og ikkje den 'gamle' som NM stod for.”¹³

Spørsmålet lyt då bli kvifor den 'gamle' målpolitikken til målrørsla ikkje høvde for Arbeidarpartiet, og det må stillast *både* til arbeidarrørsla og til målrørsla. Kva var Arbeidarpartiet sine kultur- og språkpolitiske behov då partiet tok til å sikta seg inn på regjeringsmakt?

Når det gjeld målrørsla, må ein spørja seg om ho var så tett samanvoven med partia i Venstre-familien, bar på ein så tung antisosialistisk tradisjon og var så knytt til landbruksbygdene at tilnæringsforsøka frå måleliten ikkje var truverdige for arbeidarrørsla. Her er dei allmennpolitiske konfrontasjonane mellom representantar for norskdømsrørsla og arbeidarrørsla i tida etter 1920 interessant, ikkje minst i samband med streikane i 20-åra, agrarnasjonalismen til bonderørsla og den borgarlege samlinga og motoffensiven i stortingsvalet i 1930.

I ein vidare samanheng må det spørjast korleis målrørsla, og bygdesamfunna der målreisinga slo gjennom, stilte seg til dei sentrale moderniseringsdraga i samfunnet utover på 1900-talet. Forskinga kan by på svært ulike tolkingar og teoriar. Den eine kan me kalla 'Rokkan-tradisjonen'. Stein Rokkan skriv: ”Landsmålet ble det samlende symbol for en bred, kulturell

¹² Grepstad 1999, s. 50, sagt i Stortinget 31.10.1906.

¹³ Lockertsen 1984, s. 83.

forsvarsbevegelse, ikke bare på Sør- og Vestlandet, men også i de gamle bondesamfunn i dalførene på Østlandet.”¹⁴ Med støtte i Eric Hobsbawm meiner Trond Nordby at norskdomsrørsla stod for ein type internasjonal *agrarnasjonalisme* som ”ofte oppstod i bøndenes møte med industrisamfunnet. Nasjonalismen ble del av en forsvarsideologi som var rettet mot de sosiale og økonomiske omveltningene som industrialiseringen og markedsutvikling satte i gang.”¹⁵

Nordbys teori har fått mykje motbør, ikkje minst frå Volda-miljøet. Jostein Nerbøvik har lagt stor vekt på distinksjonen mellom ein agrarnasjonalismen med basis i Landmandsforbundet og kulturnasjonalismen med basis i Venstre og norskdomsrørsla. Medan agrarnasjonalismen vart eit ideologisk våpen i reaksjonen mot industrialisering og urbanisering, særleg utover i 1920-åra, var norskdoms- og venstrenasjonalismen i all hovudsak ein moderniserande faktor, særleg i ein tidlegare fase.¹⁶ Målfolk ville ha sparebankar og breispora jarnbane og sams normaltid for heile riket – som vart slege fast gjennom den fyrste lova vedteken på nynorsk (1894).

Sjølv om Rokkans og Nordbys altfor generelle utsegner kanskje har fått for stor merksemd, er det like fullt eit viktig spørsmål i kva grad, og på kva tidspunkt, ein agrarnasjonalistisk forsvarsideologi òg vart knytt til målreisinga og fremja av målrørsla. - Det norske folket er ikkje skapt for industrialisering, sa Lars Eskeland i ei tale til Fedrelandslaget i Bergen i 1925.¹⁷ Industri og arbeidarkultur førte kulturelt forfall og ofselege ting med seg, og utgjorde eit trugsmål mot den etablerte bygdekulturen, meinte han og andre innanfor den agrarnasjonalistiske fløya i målrørsla. Ein ting er kva profilerte, men marginale og lite representative figurar som Eskeland hevda. Men Aslaug Nyrnes meiner òg at kulturnorma i ein såpass viktig nynorsk publikasjon som familiebladet *For Bygd og By* (1912-32) definerte arbeidarklassekulturen og bylandskapet som hovudfienden.¹⁸

Kanskje vel så formande som denne typen sentral ideologiformidling var dei gjensidige røynslene norskdomsrørsla og arbeidarrørsla gjorde seg på lokalplan i samband med industrietableringar i byder der nynorsken hadde byrja å slå rot. Somme stader var ikkje

¹⁴ Rokkan 1987 [1967], s. 200.

¹⁵ Nordby 1991, s. 107.

¹⁶ Nerbøvik 1998, s. 336; jf. òg motlegg mot Nordby i Slettan og Stugu 1997, s. 12f.

¹⁷ Eskeland 1929.

¹⁸ Nyrnes 1985, s. 119.

motsetnadene så sterke. I hovudoppgåva si om målreisinga i Nord- og Midthordland har Johan Myking vist at rett nok var dei ideologiske konfliktane mellom arbeidarar og bønder tydelege, men jamt over glei dei små og mellomstore industriverksemdene inn i det etablerte bygdesamfunnet utan at det vart etablert djupe og varige kulturelle og skriftspråklege skilje, og fleire stader tok det lang tid før sterke fagforeiningar vart etablerte.¹⁹

Annleis var det på einsidige industristader som Høyanger, Odda, Tyssedal, Sauda og Rjukan. I Odda hadde nynorsk vore opplæringsmål i skulen sidan 1900, men etter at Odda vart skilt ut frå Ullensvang som eigen kommune i 1913, kom kravet raskt om å gå attende til riksmål.²⁰ Løysinga, frå 1914, vart ei institusjonalisering av kulturkløfta gjennom ei parallellklasseordning, som Stortinget året etter sette inn i folkeskulelova. På alle desse stadene gjekk motsetnaden mellom nynorsk og riksmål inn i ei vidare motsetnad mellom det landbruksbaserte bygdesamfunnet med sine tradisjonar, organisasjonar, ungdomshus og nasjonaldemokratiske politiske hegemoni, og den nye industriarbeidarkulturen, i stor grad basert på innflyttarar, fagforeiningar, Folkets hus og sosialisme, men nett i målsprøsmålet i klassesamarbeid med kapitalistane.²¹

Ein del av dei lokale kulturelle konfrontasjonane er godt dokumenterte gjennom lokalhistoriske studiar. Det sentrale spørsmålet mitt vert då om dei vart tolka og sette inn i ein vidare nasjonal samanheng på ein slik måte at brubyggingstiltaka til sentrale målstrategar som Koht og forfattarar som Kristofer Uppdal i røynda aldri hadde nokon sjanse. Kanalane som kunne formidla dette mellom eit lokalt og nasjonalt plan var på den eine sida sjølvsgt norskdomsrørsla, men òg arbeidarrørsla og i særleg grad den faglege delen av henne.

Om målrørsla hadde eit problematisk tilhøve til industrialiseringa, kan det same trygt seiast om urbaniseringa, som berre skal nemnast utan at eg har tid til å gå inn på spørsmålet. Strategien frå målrørsla si side var også her tvitydig: rehabilitering av bydialektane, forsøk på gravlegging av tonasjonslæra og organisasjonsbygging i byane, samstundes som retorikken og den politiske praksisen heldt den tradisjonelle målrørslskepsisen mot byfolk, bykultur og bymål ved like.

¹⁹ Myking 1981, s. 175.

²⁰ Kristensen 1990, s. 75ff.

²¹ Om Høyanger, jf. Timberlid 1993.

Endå meir utfordrande å få taket på er dei djupare endringane i politisk og kulturell mentalitet. Bondepartihistorikaren May Brith Ohman Nielsen har råkande formulert det som ei dreining ”frå tale til tabellar”, og vendepunktet set ho til kring 1930. Dei femti åra før 1930 var, skriv Ohman Nielsen, perioden då talekompetansen, allmenndanninga, generalist-dugleikane og den breie sjangerkompetansen til vestlandslærarane hadde størst sosial og politisk verdi som kulturell kapital. Utover i mellomkrigstida måtte denne politikartypen vika for dei unge reiknemeistrane – ingeniørar, økonomar og representantar for den nye saklegheita. Ho siterer ein rapport frå nestformannen i Bondelaget, Asmund Enger, som var på valkampturne i Telemark og Agder før stortingsvalet i 1930 og som fangar opp den nye tida: ”Det var folkemøtebegeistring som av vore folk et par steder blev sammenliknet med 80-årene. (...) Et par steder måtte jeg forøvrig hjelpe venstreskolelæreriidealisten som ikke hadde nogen videre greie paa statsgjeld og kapitalskatt og nasjonalformue.”²²

Stillinga og statusen til lærarane er truleg eit godt og handfast barometer på desse mentalitetsendringane i lokalsamfunna, som var arenaen der målstriden i aukande gjekk føre seg etter kvart som at det statlege institusjonelle rammeverket kom på plass mellom 1885 og 1930. Ei rad studiar frå Kjell Haugland og Hans Try til Rune Slagstad og Reidun Høydal har dei siste tretti åra slege fast kor viktig læraren, ”periferiens nasjonsbyggjar”, var for målreisinga, og for Venstre sitt politiske hegemoni i det heile. Haugland har rekna ut at i 1900 var 60 prosent av styremedlemene i fylkesmållaga lærarar, og 50 prosent av styremedlemene i fylkeslaga i den frilynde ungdomsrørsla. Dei var formenn i ni av 11 fylkesmållag og 14 av 19 fylkesungdomslag. Sentralorganet og den reelle landsleiinga for målrørsla, *Den 17de Mai*, opplyste etter starten i 1894 at det mest var lærarar utover bygdene som hadde tinga bladet.²³ Tal har eg ikkje, men lite tyder på at biletet kring 1930 var annleis. Så dersom ”venstreskolelæreriidealisten” si tid var ute, var målrørsla ille ute.

[Avrunding/konklusjon?]

²² Nielsen 1995, s. 86.

²³ Haugland 1977a, s. 179.

Litteratur

- Almenningen, Olaf. 1984. *Målstrev og målvokster 1905-1913. Organisering, ideologi og arbeidsoppgåver*. Oslo: Samlaget.
- Almenningen, Olaf, m. fl. (red.). 1981. *Målreising i 75 år. Noregs mållag 1906-1981*. Oslo: Fonna forlag.
- Birkeland, Bjarte, m. fl. (red.). 1968. *Det Norske Samlaget 1868-1968*. Oslo: Samlaget.
- Bucken-Knapp, Gregg. 2003. *Elites, language, and the politics of identity : the Norwegian case in comparative perspective*. SUNY series in national identities. Albany, N.Y./[Volda]: State University of New York Press/Høgskulen i Volda.
- Dalhaug, Ole. 1995. *Mål og meninger. Målreisning og nasjonsdannelse 1877-1887*. KULTs skriftserie nr. 43. Oslo: Norges forskningsråd.
- Dalhaug, Ole. [1998]. *Den 17de Mai. Rasmus Steinsvik 1863-1913*.
- Eskeland, Lars. 1929. *Til vern! Fyredrag ved Fedrelandslaget sitt åpningsmøte i Bergen [25.1.1925]*. Oslo: [Fedrelandslaget].
- Grepstad, Ottar. 1999. *Den Store nynorske sitatboka. Norsk kulturhistorie gjennom 800 sitat*. Oslo: Samlaget.
- Haugland, Kjell. 1977a. Lærarane i brodden for norsk målreising på 1800-talet. "Ta det romet som den akademiske stand fyrr hev havt". *Syn og Segn*, s. 177-188.
- Haugland, Kjell. 1977b. Organisasjonsgjennombrøtet i målarbeidet ved hundreårsskiftet. *Historisk Tidsskrift*, (1), s. 19-52.
- Kristensen, Steinar. 1990. Innføring av landsmål i skulane i Jondal, Odda og Ullensvang. 3. delen. *Hardanger / Hardanger historielag*, s. 75-100.
- Lockertsen, Roger. 1984. *Målreising i Nord-Noreg 1898-1940. Organisering av målstriden og striden for skolemålet*. Hovudoppgåve i nordisk språk. Tromsø.
- Mjeldheim, Leiv. 1984. *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880 åra til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myking, Johan. 1981. *Språk og stril. Målreising i Nord- og Midthordland 1885-1922*. Hovudoppgåve i nordisk språk. Bergen.
- Nerbøvik, Jostein. 1998. Nasjonalismen innanfor og til venstre for Venstre. I: Øystein Sørensen (red.), *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet* (s. 321-338). Oslo: AdNotam.
- Nielsen, May-Brith Ohman. 1995. Besynge og beskrive. Å spore vestlendingen i tale og tabeller. I: Reidun Høydal (red.), *Nasjon - region - profesjon : vestlandslæraren 1840-1940* (s. 43-90). Oslo: Noregs forskningsråd.
- Nordby, Trond. 1991. *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet. Norge 1870-1920*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nyrnes, Aslaug. 1985. *Det (ny)norske mennesket. Ein litterær analyse av familiebladet For bygd og by*. Oslo: Samlaget.
- Rokkan, Stein. 1987 [1967]. Geografi, religion og samfunnsklasser: Kryssende konfliktlinjer i norsk politikk. I: *Stat, nasjon, klasse : essays i politisk sosiologi* (s. 111-205). Oslo: Universitetsforlaget.
- Slettan, Dagfinn og Ola Svein Stugu. 1997. Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale. I: Dagfinn Slettan og Ola Svein Stugu (red.), *Det nasjonale i det lokale, det lokale i det nasjonale* (s. 7-18). Oslo: Norges forskningsråd.
- Søilen, Oddmund. 1978. *Halvdan Koht. Språk og historie. En undersøkelse av Halvdan Kohts målpolitikk og målreisningsarbeid*. Hovudoppgåve i nordisk språk. Bergen.
- Timberlid, Jan Anders. 1993. Kampen om ungdommen. Motsetnaden Valhall - Folkets hus i Høyanger. *Årbok for Sogn*, (Nr 39), s. 77-82.